

**KONTROLLUTVALET I
HARAM KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 31.05. 2011, kl. 10.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av: Svein Harsjøen

Elles til stades:

Villy Alvestad og Eivind Davik = 3 voterande

Astrid Ahrens hadde meldt forfall og Eivind Davik møtte i staden

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møtte:

Ordførar Bjørn Sandnes, rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. OKTOBER 2010

Under forhandlingane kom det fram at det i neste møte blir teke opp tema frå sak 17/10 om oppfølging av politiske vedtak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 25. oktober 2010 blir godkjent.

SAK 02/11

ÅRSMELDING 2010 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 30.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Haram kommune til orientering.

SAK 03/11

KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – HARAM KOMMUNE

Følgjande innstilling, datert 31.05.2011, vart lagt fram av kontrollutvalsekretariatet:

1. Haram kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent
2. Innan enkelte hovudansvarsområde ligg det føre overskridinger i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Eivind Davik sette fram forslag om å stryke punkt 2. Dette vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale lyder slik:

Haram kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

SAK 04/11

REKNESKAP 2010 – INGEBRIGT DAVIK - HUSET KF

Innstilling datert 31.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Rekneskap 2010 for Ingebrikt Davik-huset KF blir godkjent.

Svein Harsjøen
leiar
(sign.)

Villy Alvestad
medlem
(sign.)

Eivind Davik
varamedlem
(sign.)